



Sjå mottakarliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ove Midtbø, 5764 3176

Høyring - utgreiing - grensejustering av kommunegrensa mellom Alver, Modalen og Masfjorden kommune

Vi viser til tidlegare informasjon og dialog i saka som gjeld oppdraget vi har fått frå Kommunal- og distriktsdepartementet om utgreiing av konsekvensane av ei grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar, alternativt Masfjorden kommune¹.

Som tidlegare nemnt i digitalt informasjonsmøte med kommunane 29.01.2025, og i etterfølgjande brev 10.02.2025, tok vi mellom anna sikte på å få gjennomført ei innbyggjarundersøking i det aktuelle området. Opinion AS har på oppdrag frå Statsforvaltaren gjennomført ei innbyggjarundersøking i august 2025². Denne undersøkinga vart litt forseinka, og vi mottok resultatet frå innbyggjarundersøkinga frå Opinion AS 17.09.2025. Rapporten er lagt ved dette brevet.

Resultata frå innbyggjarundersøkinga syner at innbyggjarane i området er delte på midten i synet på ei eventuell grensejustering, og kor vidt det aktuelle området skal vere ein del av Alver kommune eller Modalen kommune. Svært få gir uttrykk for at området bør verte ein del av Masfjorden kommune. Innbyggjarundersøkinga viser også at det er noko ulike meiningar ut i frå kor innbyggjarane bur, kor dei jobbar og kva aldersgrupper innbyggjarane tilhøyrer.

No når rapporten frå innbyggjarundersøkinga er klar, sender vi saka på høyring på nytt, der mellom anna kommunane, fylkeskommunen og Statens kartverk skal få høve til å uttale seg før vi gir ei endeleg tilråding til departementet, jf. inndelingslova § 9 fjerde ledd og rundskriv H-10/15.³

I tillegg til resultatet frå innbyggjarundersøkinga, legg vi også ved motteke felles informasjon frå dei tre involverte kommunane den 28.05.2025.

¹ Brev frå Kommunal- og distriktsdepartementet 06.05.2024

² <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/kommunal-styring/kommunestruktur/innbyggjarundersokning-i-alver-kommune/>

³ [Rundskriv H-10/15](#)



Dette brevet går i kopi til Statens Kartverk, og vi ber kartverket særskilt vurdere om dei føreslegne grensene som går fram av innbyggjarinitiativet teknisk sett framstår som gode, sjå kartutsnitt i lenkja i fotnote 2.

Frist for å sende høyringsinnspel er **10.11.2025**.

Vidare prosess

Innbyggjarundersøkinga, allereie mottekne faktautgreiingar og høyringsinnspel og eventuelle nye høyringsinnspel, vil danne grunnlaget for Statsforvaltaren si oppsummering og tilråding til Kommunal- og distriktsdepartementet. Vi tek sikte på å få sendt tilrådinga innan 30.11.2025.

Med helsing

Synnøve Stalheim
kommunaldirektør

Ove Midtbø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Innbyggerundersøkelse grensejustering Alver 2025.pdf
- 2 Svar til Statsforvalteren innhenting av informasjon eventuell grensejustering.docx

Vedlegg:

- Rapport frå innbyggjarundersøking utført av Opinion AS om mogleg grensejustering i Alver kommune motteken 17.09.2025
- Felles informasjon frå Alver kommune, Modalen kommune og Masfjorden kommune 28.05.2025

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Otto Jarl Dyrkolbotn	Dyrkolbotn 274 B	5994	Vikanes
Randi Kaspara Enger	Dyrkolbotn 274 B	5994	Vikanes
Helge Eidsheim	Romarheim 86	5994	Vikanes
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS

Mottakarliste:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES